

Det har no kome fleire protestar frå nabolaget mot etablering av sandtaket. 11 i Haugland-området protesterar sterkt mot det dei meiner er eit naturøydeleggjande tiltak som gir nærområdet store mengder støv og støy. Dei skriv at det vil vera øydeleggjande for miljøet og til stor ulempe for dei som er naboar.

- Tiltaket vil utan nokon helst tvil medføra store støy- og støvplager dagleg. Alle maskinar som arbeider med sand og steinlagar mykje støy, og fjella på begge sider av dalen vil forsterke lyden i ein grad vi i dag berre kan tenkje oss og frykte, heiter det i uttalen. Dei viser til sandtaket i Sandvikslio. Lyden frå dette kan ein godt høyre i Rosendal, store delar av Omvikdalen, på Seimsfoss og i fjellet.

Ole Vidar Monsen Hauge meiner ulempene med sandtaket vil vera klart større enn fordelene og spør kva eit slikt storskala sand/steinuttak har i ei bygd som Uskedalen å gjere. Han konstaterer at det skapar arbeidsplassar, men det er snakk om å sysselsette 3-4 personar og Monsen meiner det er ein forstor pris å betala for ei slik verksemd.

Astrid Døssland er fortsatt sterkt bekymra for konsekvensane ved eit så stort masseuttak. Ho meiner at både støv, støy, rasert natur og auke i tungtrafikken vil virke inn på trivselen i kvardagen. Det vil bli merkbar endring frå i dag, skriv ho og kjem også inn på korleis støv og støy kan virke inn på dyra.- Det er beitande husdyr i området, hjort og anna vilt i skogen. Vi veit at dyr har betre hørsel enn eit menneske, så det må vere eit stressmoment for dyra. meiner ho.

Av Ola Matti Mathisen